



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2633 - 15/25810

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
04.08.2015

Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 108/610 Lindås - bustad

Teknisk drift syner til brev datert 08.07.2015 vedkommande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå regulert kommunal veg for einebustad med leilighet.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå regulert kommunal veg for 2 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no
- Det må ligge føre veggrett til å nytte veg til bustad. Lindås kommune har, per dags dato, ikkje overteke veggrunn for drift og vedlikehald.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilknytning til regulert kommunal veg. Tiltaket kan kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dersom De er usikker på dette, ta kontakt byggesaksvakt for avklaring.



Det er med heimel i Veglova §§ 40-43 og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Kopi til:

Fagsjef veg

Mottakrar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS

Sauvågen 83

5915

HJELMÅS